



Rogaland fylkeskommune
Postboks 130
4001 Stavanger

Vår dato:

30.03.2023

Vår ref:

2021/10894

Dykkar dato:

30.01.2023

Dykkar ref:

2023/12695

Kontakt saksbehandlar

Marita Skorpe Falnes, 51568894

Uttale - offentleg ettersyn - høyring planforslag - regionalplan for grøn industri Rogaland

Vi viser til oversending frå Rogaland fylkeskommune dagsett 30.01.2023.

Rogaland fylkeskommune har i samarbeid med kommunane, Statsforvaltaren og dei regionale nettselskapa utarbeida ein regional plan for grøn industri. Planen er basert på eit grundig kunnskapsgrunnlag og brei medverking, og planarbeidet har vore godt organisert. Det endelige planforslaget er oversiktleg og tydeleg, og viser gode avvegingar mellom omsynet til miljø- og naturressursar og målsetting om auka næringsverksemd og -aktivitet i regionen. Vi meiner at planen kunne vore meir konkret på utpeiking av prioriterte næringsområde for utvikling av grøn industri.

Vår største bekymring knyta til planen er at han ikkje tar inn over seg den totale situasjonen i kraftforsyninga til regionen. Vi har per i dag utfordringar med tilstrekkeleg kraftforsyning i deler av fylket. Tiltak i sentral- og regionalnettet skal bøte på det, men ei storstilt utbygging av kraftkrevjande industri vil raskt kunne «ete opp» den auka forsyningstryggleiken som desse tiltaka skal gi. Større tiltak og oppgraderingar i kraftnettet vil også ha ein økonomisk kostnad, som ikkje er omtala i planen, jf. og vår uttale til planprogrammet.

Vidare meiner vi at planen legg for stor vekt på moglegheitene for å restaurere og kompensere for tapt areal. Utgangspunktet frå vår side er at verdifulle natur- og jordbruksområde ikkje skal byggast ned. Jf. Naturavtalen skal restaurering av delvis øydelagt natur kome i tillegg til bevaring av natur som ikkje er øydelagt. Tilsvارande er omtala i Regional jordvernstrategi om kompenserande tiltak for landbruket.

Ut over dette har vi og fleire andre innspel til presiseringar og forbeteringar av planen. Vi takkar for godt samarbeid så langt, og ser fram til å bidra vidare fram mot sluttføring av planarbeidet.



Bakgrunn for saken

Fylkesutvalet vedtok i møte den 24.01.2023 å sende planforslag for regionalplan for grøn industri på høyring. Arbeidet med regionalplanen er forankra i den regionale planstrategien for 2021-2024. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for verdiskaping og nye arbeidsplassar i Rogaland innanfor grøn industri som bidrar til eit naturnøytralt lågutsleppssamfunn.

Lovgrunnlag

Planen er sendt på høyring, jf. plan- og bygningslova (tbl) §§ 5-2 og 8-3.

Når loven bestemmer at eit planforslag skal sendast på høyring, skal forslaget sendast til alle statlege, regionale og kommunale mynde og andre offentlege organ, private organisasjonar og institusjonar, som blir råka av forslaget, til uttale innan ein fastsett frist, jf. tbl. § 5-2.

Itbl. § 8-3 går det frem at:

Ved utarbeiding av regional plan skal regional planmyndighet samarbeide med berørte offentlige myndigheter og organisasjoner. Statlige organer og kommuner har rett og plikt til å delta i planleggingen når den berører deres virkeområde eller egne planer og vedtak.

Forslag til regional plan sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn med minst seks ukers frist. Regionale planer med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og beskrivelse av planens virkninger for miljø og samfunn, jf. § 4-2 andre ledd.

Statsforvaltaren i Rogaland har deltatt i planarbeidet gjennom deltaking i rådgjevande møte og i prosjekt-/arbeidsgruppe i forbindelse med planarbeidet, og i eigne møte med fylkeskommunen. Under følgjer vår uttale til planforslaget.

Innleiing

Fylkeskommunen har gjennomført eit godt organisert og opplyst planarbeid. I utarbeidingsfasen har det vore brei involvering av ulike interessefelt og godt forberedte prosjekt- og rådsmøte. Regionalplanen legg opp til å vidareføre involvering og samarbeid frå planfasen til gjennomføringsfasen, mellom anna gjennom oppretting av Rogaland kraftforum. Vi ser ein slik samarbeidsarena som positivt.

Kunnskapsgrunnlaget for planen er grundig og godt. Gjennom arbeidet med kunnskapsgrunnlaget er det mellom anna blitt tydeleg at Rogaland har god tilgang på regulerte og avsette areal til næringsverksemd i gjeldande reguleringsplanar og kommuneplanar. Den største utfordringa på kort sikt ser ut til å vere tilgang på nok kraft til fornuftig pris.

På side 15 i planforslaget står følgjande:

Næringsarealer i tilknytning til energiknutepunkt, nær sjø og til mineralutvinning prioriteres derfor i planen. Disse næringsområdene vil bli prioritert med hensyn til infrastrukturutvikling og planleggingskapasitet. Etablering av grønn industri i disse områdene vil være i tråd med kommunenes, fylkeskommunens og statsforvalterens ønsker.

Frå vår side er det vanskelig å stille seg bak ei slik generell formulering når planen ikkje er meir konkret. Jf. oversikten over i figur 8 som viser regionalt prioriterte industriområde, er det vist ei lang rekke aktuelle næringsområde for framtidig utvikling av grøn industri. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å utvikle alle desse områda til grøn industri, av omsyn til konfliktar med naturressursar og natur- og miljøverdiar, og av omsyn til mangel på tilstrekkeleg forsyning av kraft til regionen som heilheit.



Formuleringa av siste setning bør endrast til *Etablering av grønn industri i slike områder vil være i tråd med planens prinsipp om samordnet areal-, kraft- og transportplanlegging. Områdene som utpekes til utvikling av grønn industri i videre prosesser bør forbeholdes slike næringsvirksomheter.*

Innsatsområde og strategiar

Innsatsområda og strategiane var allereie omtalt i planprogrammet, med unntak av innsatsområdet *klimaomstilling og livskraftig naturmiljø*. Vi viser til vår uttale til planprogrammet, og våre innspel der.

Til innsatsområdet *Industrielle muligheter* peikte vi i uttalen til planprogrammet på at vi sakna eit større fokus på miljømessig berekraft. Sjølv om det kanskje kan verke overflødig å nemne det, kunne det vore presisert at ein vil satse på sektorar med høgt verdiskapings- og sysselsettingspotensiale og som i tillegg bygger opp om det grøne skiftet eller bidreg til grøn omstilling.

Til innsatsområdet *klimaomstilling og livskraftig naturmiljø* meiner vi at første kulepunkt under strategiane bør delast i to. Restaurering av areal bør ikkje sidestillast med gjenbruk og transformasjon av areal. Hovudprinsippet må vere å unngå nedbygging av verdifull natur, fortrinnsvis gjennom gjenbruk og transformasjon av areal. Naturrestaurering er eit kompenserande tiltak som godt kan nemnast, men som ikkje må oppfattast som eit hovudprinsipp for planlegginga. Sjå meir om dette temaet under plangrep og retningslinjer.

I uttalen til planprogrammet skreiv vi til innsatsområdet *Krafttilgang og energiutnyttelse* at planarbeidet måtte synleggjere at ei større utbygging av kraftnettet i regionen vil medføre store kostnader til ny infrastruktur, og at kva konsekvensar dette vil ha, bør omtalast i planen. Vi kan ikkje sjå at dette er omtala i planen.

Under *Gode lokaliseringsmuligheter* står det at ein bør unngå nedbygging av jordbruksareal. I same setning bør natur og karbonrike areal nemnast.

Plangrep og retningslinjer

Kraftforsyning og nettutvikling

Tettare samarbeid og betre dialog mellom ulike sektorar og forvaltningsnivå vil truleg bidra til smidigare prosessar og planar som tek betre omsyn til viktige nasjonale og regionale verdiar. Det er derfor svært positivt at regionalplanen har retningslinjer som vil bidra til dette. Det å planlegge arealbruk, kraftforsyning og transportnett i samanheng, og vurdere ringverknadene av nye tiltak i kraftnettet på et tidleg tidspunkt i planlegging ser vi og som svært positivt. Erfaringar viser at etablering av nye trafostasjonar genererer sterke ønske om utvikling av nye næringsområde tett opptil, og plasseringa av trafoen er derfor avgjерande for konsekvensane for natur, miljø og landbruk.

Når det gjeld retningslinjene elles innanfor dette plangrepet, saknar vi eit større fokus på kraftforsyninga til regionen som heilheit. For utviklinga av grøne industriområde er det heilt klart viktig med tilførsel av nok kraft, men det er endå viktigare at regionen som heilheit har eit robust kraftsystem. Dette må ikkje tonast ned i retningslinjene.

I retningslinje 7.1.4, punkt IV. bør det presiserast at omsynet til natur og miljø må vege tungt når kommunal og regional planlegging skal legga til rett for lokal produksjon av fornybar energi. Vann-, vind- og solkraft kan vere gode fornybare energikjelder, men kan også gi ueheldige konsekvensar for natur og miljø.



Areal til heilskaplege verdikjeder

Kunnskapsgrunnlaget har vist at Rogaland har god tilgang på avsette næringsareal i kommuneplanane, men at reguleringsstatus og byggemodning varierer. Ei regional oversikt over tilgjengelege næringsareal og deira kapasitet, byggemodenhet, miljøverdiar og eignaheit for næringsføremål gir gode føresetnader for å drive ei regionalt samordna planlegging for utvikling av grøne næringar.

I retningslinja 7.2.1, punkt II blir det lagt opp til at kommunen skal gå gjennom sine næringsareal med omsyn til tidsaspekt for realisering, men også om areala er eigna og kva konfliktar som finns. Næringsareal som er lite eigna og har høg konfliktgrad bør tilbakeførast til LNF-føremål, eventuelt erstattast med anna areal. Med bakgrunn i den betydelege mengda med næringsareal som ligg i kommunale planar, meiner vi regionalplanen i større grad kunne oppfordra til rein tilbakeføring av areal. Realisering av dei mengder med arealreserve som ligg i kommuneplanane er ikkje realistisk utan betydeleg konflikt med andre uttalte nasjonale mål. Vi meiner derfor at siste ledd i setninga som seier «*eventuelt erstattes med arealer med bedre egenskaper og mindre konflikt*» bør tas ut. Vidare kan det gjerne spesifiserast at det ikkje skal leggast til rette for nye næringsareal i fylket utan at *minimum* tilsvarande areal, i kvantitet og kvalitet, blir tilbakeført til LNF.

Sirkulære løysningar og industriell symbiose


Planen har fokus på næringsklynger som utnyttar sirkulære løysningar og gjenbruk av restprodukt for å gi best mogleg utnytting av naturressursar og dermed eit mest mogleg berekraftig næringsliv. Vi støtter dette prinsippet.

Retningslinje 7.3.1, punkt I. seier at det skal sikrast areal av nødvendig storleik som moggeliggjer samlokalisering av ulike industrielle aktørar og optimal ressursutnytting. Samstundes seier punkt II. at arealbehov for mottakarar av overskotsvarme frå kraftkrevjande verksemdund bør sikrast gjennom bruk av omsynssone i kommuneplanens arealdel. Vi meiner at ut frå ønske om ei føreseieleg planlegging, så må begge typar verksemdund lokaliserast innanfor gitte arealføremål i kommuneplanen. Dette vil på den eine sida hindre at bønder i nærlieken av store næringsområde får ei binding på sine areal utan ei føreseieleg avklaring, og samstundes vil det vere eit insentiv for å faktisk planlegge for heilskaplege næringkjelder med ombruk av til dømes restvarme frå starten av.

Regionalt prioriterte næringsområde

I kartet på side 56 som viser regionalt prioriterte industriområde, er det både vist influensområde for energiknutepunkt, og eigne punkt for einskilde næringsområde som er omtala som energiknutepunkt i teiknforklaringa. Punkta som viser dei einskilde næringsområda kunne vore meir presist omtala i teiknforklaringa. Seinare prosessar skal avklare kva for nokre område blant desse som skal prioriterast for utvikling av grøn industri. Ei meir presis omtale av næringsområda kunne til dømes vore potensielle næringsområde for grøn industri.

I uttalen vår til planprogrammet skreiv vi at for at planen skulle få ei reell betydning for lokalisering av framtidige




Figur 1 Kartet viser influensområde rundt energiknutepunkt og potensielle næringsområde for utvikling av grøn industri.



areal- og kraftkrevjande verksemder burde han peike ut konkrete areal som gjennom planarbeidet blei identifisert som godt eigna for denne type verksemd. I planforslaget er det peika på ei uttømmande liste av åtte regionalt prioriterte energiknutepunkt med influensområde. Dei konkrete næringsområda for framtidig utvikling av grøn industri skal vere innanfor desse influensområda, men dei er ikkje utpeika i planen. Dette skal gjerast gjennom vidare prosessar som fylkeskommunen vil ta initiativ til.

Vi har forståing for at det i ein regionalplan kan vere utfordrande å gi heilt konkrete føringar for kva einskilde næringsområde som skal nyttast til grøn industri. Vi ser og at det ut frå dette kan vere logisk å peike på influensområda rundt dei sentrale nettstasjonane i regionalnettet som område som skal vurderast i vidare prosessar. Når planen ikkje er meir konkret enn det han no er, vil vi likevel peika på at dette gir større usikkerheit rundt framtidig utvikling av grøn industri, enn om utpeikinga hadde vore heilt konkret ned til einskilde næringsområde. Vi kan ikkje sjå at det vil vere grunnlag for å utvikle alle dei områda som er vist i kartet på s. 56 til grøn industri, både av omsyn til tilstrekkeleg kraftforsyning og av omsyn til store negative konsekvensar for naturressursar og natur- og miljøverdiar. Punkta Undheim og Bjerkreim Industry Park meiner vi ikkje bør visast i kartet, då dei ligg utanfor markerte influensområder, og i tillegg er blant dei minste næringsareala (i tal på areal) som er vist.

Vi støttar oppmodinga i retningslinje 7.4.3, punkt VI. om å vurdere strategisk eigarskap for forvaltning av områda. Offentleg eigarskap kan gi kommunane betre styring med utvikling av næringsområda, slik at vi unngår etablering av verksemder som ikkje bygg opp under målsettingane i regionalplanen. Strategisk eigarskap og samarbeid på tvers av kommunar kan gi meir robuste eigarorganisasjonar, større økonomiske ressursar, og vil samstundes kunne vere bra for natur- og miljøverdiar fordi utviklinga av næringsområde kan konsentrerast rundt færre, men moglegvis større, område, framfor fleire mindre område som vil kunne fragmentere LNF-områda. Dette blir godt illustrert av prinsippkissa i figur 10 på s. 60 i planforslaget, kor kvar (fiktive?) kommune har fått sitt eige næringsområde innanfor influensområdet til transformatorstasjonen. I dei aller fleste tilfelle ville det vore ei betre løysing å samle desse til eit større inngrep. I fylket har vi mellom anna Gismarvik som eit godt døme på eit stort næringsareal som er eigmद av fleire kommunar i samarbeid.



Figur 2 Prinsippkisse fra planforslaget som visar prinsipp for planlegging innanfor eit energiknutepunkt.

Retningslinjene omtalar også behovet for å vurdere konsekvensar for miljøet som følgje av framføring av infrastruktur til næringsområda. Dette er svært viktig at blir gjort på eit tidleg tidspunkt i prosessen med å peike ut dei aktuelle næringsområda. Kart avstand frå trafoar og regionalnett til næringsområda, vil kunne bidra til å redusere nødvendige inngrep som følgje av ny infrastruktur. I retningsline 7.4.3, punkt II. og V. meiner vi, i tråd med regionalplanens intensjon og nasjonale og regionale føringar for jordvern og mål om auka matproduksjon, at også konsekvensar for jordvern og rasjonell landbruksdrift må vurderast særskilt. Dette gjeld tilsvarande for sjønære areal i retningsline 7.5.2, punkt II. Dette heng også saman med kva vi har uttala til retningsline 7.2.1, punkt II.

Når det gjeld dei regionalt prioriterte sjønære næringsområda viser vi til dei strenge føringane som er gitt for forvaltning og bygging i strandsona, jf. pbl. § 1-8 og statlege planretningslinjer for differensiert



forvaltning av strandsona langs sjøen. Ombruk av allereie utbygde område framfor inngrep i nye område må prioriterast. Dette er framheva i retningslinje 7.5.1, punkt I. Vidare er det i punkt II. i same retningslinja skrive at sjønære nærings- og hamneområde bør forbeholdast industri- og hamneformål. Her bør det presiserast at områda skal nyttast til sjøretta verksemد eller anna verksemد som har eit særskilt behov for lokalisering til sjø. Sidan strandsona skal forvaltast strengt, er næringsområde i strandsona ein avgrensa ressurs, og denne bør nyttast på best mogleg vis.

Transport og mobilitet

Vi støtter prinsippet om at etablert ABC-metodikk blir nytta for å sikre lokalisering av «rett verksemد på rett stad». Dette er prinsipp som er velkjende i planlegginga.

I planen er det ikkje problematisert at enkelte verksemder innanfor det grøne skiftet blir antatt å både krevje store areal og ha mange tilsette, slik som batterifabrikkar. Kor desse skal plasserast i ABC-hierarkiet er noko uklart. Det kan vere vanskeleg å sjå for seg ei lokalisering av slike verksemder heilt sentralt i byområda, og dei vil derfor potensielt generere mykje transport. Ut frå ønsket om å redusere klimagassutslepp, mellom anna gjennom redusert bruk av privatbil, bør det arbeidast for at det blir etablert kollektivløysingar og gode sykkelforbindelsar til dei næringsområda som ligg mest sentralt i regionen. Verksemder med stort tal på arbeidsplassar bør då lokaliserast hit.

I retningslinja 7.7.1, punkt I. er det sikra at det skal planleggast løysningar for næringsverksemndene sine ulike behov for person- og godstransport. Her kunne det vore utdjupa at ein skal arbeide for gode kollektiv- og sykkelløysingar til næringsområde som ligg sentralt nok til at dette vil vere reelle alternativ for dei tilsette.

Miljø- og naturressursar

Det er positivt at regionalplanen viser til tilbakeføring av areal med høg konflikтgrad og/eller låg måloppnåing til LNF-føremål i kommunane sine overordna planar. At regionalplanen og omtalar arealreserven i eit regionalt perspektiv, slik at areal kan «byttast» på tvers av kommunegrenser er fornuftig, jf. og våre tidlegare kommentarar om strategisk eigarskap på tvers av kommunane. Utbygging av store grøne industriparkar må vere eit regionalt samarbeidsprosjekt, for vi har verken nok kraft eller nok areal til at alle kommunane i fylket kan planlegge for slike område kvar for seg.

Hovudprinsippet i ei berekraftig arealforvaltning må vere at område med verdi for landbruk, natur og miljø ikkje blir nedbygd. Regionalplanen omtalar naturrestaurering som eit viktig kompensererande tiltak. Vi er opptatt av at dette ikkje må bli ei kvilepute når vi skal planlegge for framtidig arealbruk. Vern om jordbruksareal, natur og miljøverdiar der dei finst i dag, vil alltid vere betre enn restaurering av tilsvarande areal andre stader. Naturavtalen legg og opp til at restaurering av delvis øydelagt natur skal kome i tillegg til bevaring av natur som ikkje er øydelagt. Tilsvarande er omtala i Regional jordvernstrategi om kompensererande tiltak for landbruket.

Retningslinene er ikkje konsistente i omtala av restaurering og tilbakeføring. Retningsline 7.8.3, punkt III. legg opp til at ved tap av jordbruksareal bør dette kompenseras gjennom restaurering eller tilbakeføring av natur annan stad. I tillegg til å opne for ein form for avlatsordning, stiller retningslinja jordvern og naturvern opp mot kvarandre. At kompensasjon i utgangspunktet skal kome naturen til gode kan vere ein fin tanke, men bygger opp under ein tankegang om at jordbruksareal kan erstattast gjennom nydyrkning. Dette er ein dårleg hushaldning med arealressursar og konfliktfylt med omsyn til natur. Det er ei stor utfordring i vår region å finne kompensasjonsareal utan arealbrukskonfliktar.



Det må nemnast at det finns også nokre positive sider ved å peike på restaurering og kompenserande tiltak som ei mogleg løysing. Når det blir stilt slike krav, vil verdien av natur og landbruksareal i større grad enn i dag talfestast i krone og øre. Restaurering kostar pengar, og det å bygge ned natur- og landbruksareal vil dermed bli ein kostnad som ein vil sleppe å betale viss ein i staden bygger på mindre konfliktfylte areal.

Kunnskap om eksisterande verdiar i område som er aktuelle for utbygging er viktig, og at vi gjennom regionalplanen søker å fremje tidleg kartlegging i slike område vil gi eit godt grunnlag for å drive god regional og kommunal planlegging. Vi støtter grepene med å utarbeide eit areal- og naturrekneskap. Bruk av ein og same metodikk på tvers av kommunane i regionen bør vere utgangspunktet, slik at vi får eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag for regionen. Vi viser her til Kommunal- og distriktsdepartementet sitt pågående prosjekt med utvikling av metodikk og rettleiing for arealrekneskap i kommunale planar¹.

Risiko og sårbarheit

Forholdet til risiko og sårbarheit er sikra gjennom krav i pbl. om å utarbeide ROS-analyse til alle planer som legg til rette for utbygging. I retningslinja til regionalplanen er både dette kravet og andre krav knytt til risiko og sårbarheit presistert. Det er ikkje strengt nødvendig, sidan det allereie ligg føre lovkrav for fleire av desse, men det er positivt at planen har eit fokus på dette temaet, og at moglege konfliktar internt i næringsområda er omtala i planen. Ei heilskapleg planlegging av næringsområda som tek omsyn til samlokalisering av ulike verksemder vil bidra til å redusere potensielle farar.

Vår største bekymring knytt til risiko og sårbarheit i samband med regionalplanen er likevel kva betydning den (ifølgje regionalplanen) ønskte utviklinga vil ha for kraftforsyninga i regionen som heilheit. Dette er i liten grad omtala i planforslaget. Vi har per i dag utfordringar med tilstrekkeleg kraftforsyning i deler av fylket. Tiltak i sentral- og regionalnettet skal bøte på det, men ei storstilt utbygging av kraftkrevjande industri vil raskt kunne «ete opp» den auka forsyningstryggleiken som desse tiltaka skal gi. Større tiltak og oppgraderingar i kraftnettet vil også ha ein økonomisk kostnad, som ikkje er omtala i planen, jf. og vår uttale til planprogrammet. Det er ein stor svakheit med planen at denne problemstillinga ikkje har fått større merksemd i plandokumenta.

Handlingsprogram og gjennomføring av planen

I opplistinga av ansvarsområde for dei ulike sektorane og forvaltningsnivåa, kan det vurderast om det bør nemnast at statlege mynde også har ansvar som regional forureiningsmynde på ei rekke område. I likskap med fylkeskommunen har Statsforvaltaren også ansvar for forvaltning av miljø på andre område, til dømes knytta til vassdrag og natur. Under dei fylkeskommunale regionale samarbeidsarenaene bør regionalt planforum nemnast i samband med innsatsområdet *Gode lokaliseringsmoglegheiter*.

I sjølve handlingsprogrammet er det satt opp ulike oppfølgingspunkt til planen. Vi syns desse ser både relevante og nyttige ut, og bidreg gjerne der det er naturleg ut frå våre sektoransvarsområde.

¹ https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan_bygningsloven/planlegging/plansystem_prosess/kunnskapsgrunnlaget_plan/arealregnskap_kommuneplan/id2913557/?expand=factbox2913583



Kraftforum

Fylkeskommunen foreslår å opprette eit regionalt kraftforum for oppfølging av regionalplanen og vidare utvikling av grøn industri. Kraftforumet skal bidra til berekraftig areal- og kraftsystemutvikling gjennom regionalt samarbeid og betre dialog på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

Vi har stor tru på at betre dialog på tvers av sektorar og forvaltningsnivå kan bidra til prosessar med mindre konflikt og tydelegare avklaringar tidleg. Statsforvaltaren i Rogaland har som mål å vere «tidlege og tydelege» i alle saker kor våre ansvarsområde kan bli råka. Vi ser derfor stor nytte av å få til ei tidleg dialog i desse sakane. Vi har god erfaring med regionalt planforum, som har tilsvarende funksjon opp mot planar etter plan- og bygningslova, som kraftforumet er tenkt å ha opp mot kraft- og energisaker.

Når det gjeld sjølve mandatet har vi ikkje vesentlege merknader til innhaldet i dette, men etterlyser at kraftsystemutvikling som er nemnt som eit viktig formål og mål med kraftforumet, er ein meir framheva del av forumet sine oppgåver. Under oppgåver står det i staden at forumet skal følgje konsesjonsprosessen for energisaker. Det er uklart om forumet skal følge prosessen for alle energisaker, eller berre konsentrere seg om kraftsystemutviklinga. Det kan vere nyttig å opne opp for ein brei diskusjon av saker knytt til energi i eit slikt forum, men det blir omfattande om alle saker skal tas opp der. Det kan og vurderast om regionalt planforum kan dekkje ein del av behovet som kraftforumet er tenkt å dekke.

Definisjonar

Vi har til slutt eit par kommentarar til definisjonane som er lista opp sist i planforslaget:

- I LNF-område er det, i tillegg til bygningar, anlegg og andre tiltak som er nødvendige for drift av næringsmessig landbruk, og tillate å sette i verk tilretteleggingstiltak for friluftslivet, jf. lovkommentaren til plandelen av plan- og bygningsloven.
- For definisjon av omgrepene økosystem og naturmangfald er det vist til naturmangfaldlova. I planforslaget er omgrepene og bruk om næringsklynger. Det ville vore klargjerande om det i opplistinga av definisjonar blei gitt ei forklaring på begge desse måtane å bruke omgrepene på.
- Omgrepene kraftforedlande verksemder er nytta i plandokumenta, og vi tenkjer det ville vore klargjerande med ein definisjon på kva som ligg i dette omgrepet.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Marit Sundsvik Bendixen
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent